

tutti fratelli

Tutti fratelli – vi er alle brøer! sa verdas første frivillige i Røde Kors, Castegliones kvinner – på slagmarka i Solferino i 1859.




Norges Røde Kors

2011 Landsmøtet



Statsminister Jens Stoltenberg talte til landsmøtet.



DET 38. LANDSMØTET I RØDE KORS

Norges Røde Kors held landsmøte kvart tredje år. Om lag 850 personar var samla på Gardermoen til landsmøte 6. – 9. oktober. Sogn og Fjordane Røde Kors hadde ein delegasjon på 25 delegatar og 23 observatørar og slik sett ein av dei største delegasjonane på landsmøte.

I si helsing til Landsmøte sa Statsminister Jens Stoltenberg; – Få nasjonalforeiningar er sterkare enn Norges Røde Kors. - Den styrken kjem frå grasrota, sa Stoltenberg og peika på den lokale forankringa og innsatsen som unik i verdsmålestokk. Dette har gitt Røde Kors evne til å handle lokalt, der behova er og der ulykka har skjedd. – Det er grunnen til at Norges Røde Kors blir lagt merkje til ute i verda, sa Stoltenberg.

Verdt alt arbeidet

Det var lagt ned mykje arbeid framfor dette landsmøtet, så mykje arbeid at ein måtte ta seg tid på tillitsvaldsamlinga 22. -23. oktober til å spørje om det var verdt å gjere det.

Både delegatar og observatørar ga tydeleg melding attende at det var det. Høyringsuttaler i framkant var med å forme innhald i både langtidsprogram (LTP) og handlingsprogram (HOP). Framlegg til lovendingar vart vedtekne, framlegg på kandidatar til sentrale tillitsverv vart valde inn og viktige synspunkt for Røde Kors framover var presentert på talarstolen.

Oddbjørn Nesje, sakshandsamar for LTP og HOP, kommenterte på sidelina under forhandlingane på Landsmøtet; "De i Sogn og Fjordane har fått gjennomslag for mange synspunkt i desse dokumenta".

Opplevinga, både i eigen delegasjon og i landsmøtet, var at Sogn og Fjordane var ein godt førebudd og samansveisa gjeng.

<i>Innhald:</i>	<i>side</i>	<i>side</i>
<i>Ny visepresident</i>	2	<i>Forsking på frivillige</i> 3
<i>Nye leiarar i landsråda</i>	2	<i>Humanitært forum</i> 4
<i>Få politiske skiljeliner</i>	2	<i>Kontaktinfo</i> 4
<i>Landsmøte resolusjon</i>	3	
<i>Korrespondent brev</i>	4	



Hanne-Marie Heggdal, ny visepresident i Norges Røde Kors

VÅR HANNE-MARIE NY VISEPRESIDENT

Landsmøtet på Gardermoen gjennomførte val på president og presidentskap fredag kveld 7. oktober. Sven Mollekleiv held fram som Røde Kors-president og med seg i presidentskapen har han vise-presidentane Hanne-Marie Heggdal frå Stryn i Sogn og Fjordane og Svein Erik Aasen frå Nordland.

Hanne-Marie Heggdal fekk samla oppslutnad som visepresident og er den første frå vårt fylke som får tittelen visepresident. Heggdal fekk ingen motkandidatar og det var stor støtte i landsmøtet til Heggdal sitt kandidatur.

- Eg vart overvelda over den store tilliten landsmøtet synte meg, sa Hanne-Marie Heggdal etter valet. - Røde Kors i Noreg står meg nær, og eg ser fram til å kunne utvikle organisasjonen, inspirere den lokale aktiviteten og forvalte verdiane i Røde Kors.

Sogn og Fjordane svært godt representert Norges Røde Kors

I tillegg til Heggdal som visepresident er Rolf Endestad frå Florø er vald som ny leiar av nasjonal valkomité og Bjørn Valvik frå Leikanger, vald som nestleiar i nasjonal kontrollkomité.

NYE LEIARAR I LANDSRÅDA 2011-14

Ole Gladsø frå Melhus i Sør-Trøndelag, vart på Landsmøtet vald som ny leiar i Landsråd Hjelpkorps. Ny leiar i Landsråd Omsorg, vart Morten Støldal frå Horten i Vestfold og leiar for Landsråd Ungdom, er 21 år gamle Knut Sverre frå Akershus. Han vart vald på sentral ungdomskonferanse.



Alle stilte til politisk debatt på Røde Kors sitt humanitære forum, - det syner rørsla sin posisjon i Noreg.

FÅ POLITISKE SKILJELINER

Humanitært forum på Landsmøtet var halde på torsdag 6. oktober og samla sentrale politikarar frå alle partia på Stortinget.

- Er det noko av vår velferd som ikkje frivillige ein gong har starta, sa Trine Schei Grande, Venstre, då ho og representantar for dei politiske partia var samla til debatt på Noregs Røde Kors sitt Humanitære Forum under Landsmøtet på Gardermoen. Tema for debatten var korleis frivilligheita kan utvikle seg i tett samarbeid med det offentlege.

Partia er einige når det gjeld frivilligheita sin samfunnsverdi og eigenverdi. Frivillige skal ikkje levere tenester til samfunnet, men løysar likevel oppgåver som det offentlege aldri kan gjere like godt. - Ein av mine oppgåver, sa Ola Borten Moe, Senterpartiet, er å sjå korleis vi kan utløse frivilligheit.

Smart investering

Frivilligheit er både å yte noko for andre og for seg sjølv. Knut Arild Hareide, Kristeleg Folkepart, sa at set vi ein milliard inn i frivillige organisasjonar får vi mykje meir att, enn om ein gjer det same i private eller offentlege.

Tippenøkkelen trygg nok?

Debatten vart prega av at statsbudsjettet vart lagt fram og Regjeringa sitt varsel om at dei kuttar til saman 225 millionar kroner til frivilligheit og kultur gjennom Norsk Tipping.

Kuttet, som skjer gjennom at regjeringa justerer ned overskotet på spelemidlar frå Norsk Tipping, kan for Røde Kors utgjere 16 millionar mindre til frivilligheit neste år dersom dette blir vedteke.

- Det er mykje pengar og dette er eit alvorleg kutt for Røde Kors, sa president i Røde Kors, Sven Mollekleiv til politikarane.

Helga Pedersen, Arbeidarpartiet, forstår Røde Kors si uro, men peika på at dette er prognosar og at det ikkje er sikkert at konsekvensane blir så store. Momskompensasjonsordninga er også viktig for dei samla overføringane.

- Det var eit sjokk å lese at prognosen for overskotet i Norsk Tipping syner slik nedgang, sa Bård Vegard Solhjell, SV, og oppmoda alle til å verne om dei norske pengespela. Tippenøkkelen er garantisten for at frivilligheita får ressursar.

Viktige signal

Erna Solberg, Høgre, meiner at fleire aktørar i samfunnet må yte til frivilligheita og at trygge lokalsamfunn startar i kommunen. Per Arne Olsen, Framstegspartiet, utdjupa det ved å sei at det Røde Kors gjer i sine kommunar, aldri kan erstattast av det offentlege.

Politikarane snakka til fleire hundre Røde Kors-frivillige frå heile landet. Som representerer for ulike deler av frivillig-organisasjonen og frivillig arbeid lokalt, vart dette viktige signal å ta med seg inn i Landsmøtet.

LANDSMØTET SIN RESOLUSJON OM ATOMVÅPEN

Denne resolusjonen vart vedteken på landsmøtet laurdag 8. oktober. Det er forventa at denne resolusjonen vert arbeidd med på same måte som med klasevåpen og til slutt enda i eit forbod.

"Enhver bruk av atomvåpen vil ha uakseptable humanitære konsekvenser for menneskeheten. I tillegg vil en bruk ha langsiktige og negative følger for miljøet og menneskers muligheter til å opprettholde matproduksjonen. De atomvåpen som i dag finnes i verden utgjør derfor en risiko for menneskehetens fremtid.

Da atomvåpen både vil forårsake uforholdsmessig store skader og lidelser, samt påføre naturmiljøet omfattende, langvarig og alvorlige skader vil bruken av dette våpenet være i strid med internasjonal humanitær rett. Likevel har verdenssamfunnet ennå ikke lyktes i å oppnå enighet om en avtale som uttrykkelig forbyr bruk av dette våpenet. De siste årene er det oppnådd internasjonal tilslutning til forbud mot landminer og klasevåpen, fordi bruk av slike våpen har uakseptable konsekvenser. Landsmøtet ønsker velkommen et vedtak under Delegratrådet i 2011 om at det skal arbeides for et internasjonalt forbud mot atomvåpen.

For å sikre at myndigheter engasjerer seg i arbeidet mot atomvåpen, er det viktig at sivilsamfunnet engasjeres og mobiliseres. Landsmøtet henstiller derfor lokalforeninger og distriktsforeninger i Røde Kors å engasjere seg i Bevegelsens arbeid mot atomvåpen gjennom å spre kunnskap om de katastrofale humanitære konsekvensene av bruk av atomvåpen".

DET FESTA SEG MANGT EIT INNTRYKK



Inger Valberg frå Svelgen Røde Kors deltok som observatør på Landsmøtet for første gong. Ho har på ein lun og fin måte skildra sine opplevingar, her er eit lite utdrag:

Om konstitueringa: "Dei starta i alle fall med å velje kven det var som skulle dirigere, og eg som trudde at det berre var

musikantar som trengde dirigent! Men der tok eg feil. Nokre sprang opp og ned på denne talarstolen, og hadde visst uhorveleg mykje dei ville ha sagt. Då var det bra at der sat ei slik dirigentdame (Jorunn Ringstad) og hamra i bordet med ei klubbe, så pass at dei til slutt tagna, dei som var så talelystne."



Delegasjonen, foto Inger Valberg

Om å bestemme: "Dei andre som ikkje fekk trimma føtene så mykje, fekk i staden trimma tommeltottane. Dei hadde slikt eit nymotens avstemningsapparat, ein liten boks med nokre knappar på, slik at det ikkje var naudsynt at nokon måtte springe rundt omkring mellom borda og telje kvar einaste gong dei hadde bestemt noko."

Om Tone Merete Hagen: "Det var ei anna dame der og, som til stadigheit dreiv å gjekk fram og attende. Men det var ikkje til talarstolen. Nei, det var desse Fjordingane ho dreiv å passa på med kaffi og anna. Det måtte til så dei ikkje skulle dovne vekk. Omtensam dame, men slik er no desse Røde Kors-folka."

Kva lærte Inger: "Det fann eg ut, at desse fjordingane hadde i alle fall vore lure. For dei hadde samlast, ikkje berre ein, men fleire gonger det siste året før Landsmøtet. Dei hadde lese og sett seg inn i sakene. Dei hadde til og med vore så framsynte at dei hadde sendt inn nokre forslag! Tenkje seg til, du verden, går slikt an? Lurt var det, for dei fekk til og med gjennomslag for nokre av dei. Men dei hadde nok tusla litt i krokane i seine nattetimar, og på det vise greidde dei å overtude andre til å meine det same som dei.

Om feiringa av Dag Hovland sin 50 årsdag: "Dei er flinke til å ta vare på kvarandre og vise merksemd til dei som fortener det. Alle vart innkalla til samling på rom 4125, og det må seiast – at å få plass til bort i mot 50 fjordingar på eit hotellrom, må vel seiast å vere litt i overkant av kva som er mogeleg å få til. Men den oppgåva løyste dei bra, med eit rom til + hotellkorridoren. Der vart det delt ut ein høveleg merksemd, med rosande ord og klemmar i fleng til dei som vart valde inn i viktige posisjonar. Vel fortent var det!

Håp, samhald og fellesskap er vel dei orda som best kan beskrive det viktigaste.

Inger Valberg, om landsmøtet 2011

UNDERSØKING OM FRIVILLIG, HUMANITÆRT ARBEID I NOREG

En ny undersøking Synovate har gjennomført for Røde Kors syner at nesten halvparten av dei som ikkje er frivillige i dag kunne tenkje seg å bli det i framtida.

Slutninga ein trekkjer av desse tala er at det er eit stort og ubrukt potensiale for frivilligheit i Noreg. Samstundes meiner ein at samfunnet er heilt avhengig av frivillig sektor for å løyse mange av dei humanitære utfordringane vi står overfor.

Nesten halvparten (45%) av dei som seier at dei ikkje er frivillige i dag, seier at dei kunne tenke seg å vere det i framtida. Og dei oppgjev at de kunne tenke seg å legge ned 2-3 timer i veka.

Av dei som oppgjev at dei kunne tenke seg å vere frivillige i framtida oppgjev tre av fire (74%) at de kunne tenkje seg å arbeide med omsorgsarbeid for barn og unge. Og heile tre av fem (61%) at dei kunne tenkje seg å arbeide med omsorgsaktivitetar mellom innvandrarar.

9 av 10 (91%) meiner at frivilligheit gir oss eit varmare og meir inkluderande samfunn.



"I bunn og grunn er det de frivillige alt dette handler om. Det er de frivillige som gjennomfører aktivitetene. Det er de frivillige som er medmenneskene; de som gir så mye og som også selv får mye tilbake når de gjør en innsats i Besøktjenesten, i Leksehjelpen, i Visitortjenesten, på Helsesenteret for papirløse, på Ferie for alle."

Sagt på Landsmøtet, Åsne Havnelid, generalsekretær

FRAMSNACK DET HUMANITÆRE FORUMET

Det er distriktsråd Omsorg som har teke initiativ og skal gjennomføre Humanitært forum den 18. november på Skei Hotel. Forumet handlar om "Sosial ulikskap i oppvekst". Hovudinnleiar er forskaren, Karin Gustavsen, som har laga rapporten for Norges Røde Kors om tema. I panelet vil fylkesordføraren Åshild Kjelsnes vere representert saman med representantar frå fylkesmannen, KS og Røde Kors.

Fattigdom hos barn er noko Sogn og Fjordane Røde Kors har erfaring med. Som talsperson er det difor naturleg at Røde Kors tek initiativ til å sette fokus på problemstillinga. Auken i tal barn som veks opp i fattigdom vil av stadig fleire bli sett på som urovekkande og det offentlege vil bli bedt om ei forklaring og bli ansvarleggjort på tiltak for å redusere konsekvensane.

Sogn og Fjordane blir sett som eit fylke der det er muleg å lukkast om ein gjere noko. Eit fyrste steg er å få tilgang til lik informasjon, eit sams medvit om problemstillingane og eit felles krafttak mot ulikskap i oppvekst.

Hjelp oss å marknadsføre forumet

Det er komplisert å nå fram med informasjon til alle dei som er i målgruppa, politikarar og administrasjon i kommunane og fylkeskommunen, heile NAV, barnevern, skular og frivillige organisasjonar som har med barn å gjere.

Humanitært Forum: Skei Hotel, Jølster
Fredag 18. november 2011 | kl. 10:00

Sosial ulikskap i oppvekst - ei humanitær utfordring



Fattigdom hos barn gir ulikskap i oppvekst. Dette kan vi gjere noko med.

Sosiale skilnader i oppvekst og reproduksjon av sosial ulikskap er ei stor humanitær utfordring i vår tid. Møter vi desse problemstillingane i fellesskap, kan vi gjere ein skilnad for mange barn i Sogn og Fjordane.

Karin Gustavsen laga rapporten "Sosiale ulikheter i oppvekst - en humanitær utfordring" på oppdrag frå Norges Røde Kors.

Dei faglege hovudområda er levekår, tematisert om velferdsstaten og sosial ulikskap med vekt på barn og unge, som er særleg utsette krypta til fattigdom.

Foredrag av
Karin Gustavsen, Telemarkforskning
- samfunnsforskar med fokus på barn, unge

Etter foredraget vert det høve til å stille spørsmål til eit panel med fylkesordførar Åshild Kjelsnes, representantar frå KS, Fylkesmannen og Sogn og Fjordane Røde Kors.

Gratis inngang - hjarteleg velkomne



the power of humanity

Dag Hovland dagleg leiar	✉ dag.hovland@redcross.no	57 72 31 32 908 94 974
Lisbeth Maria Munkvold opplæring	✉ lisbeth.munkvold@redcross.no	57 72 31 33 904 74 445
Reidun Sørenfjord lokalforeiningar	✉ reidun.sorenfjord@redcross.no	57 72 31 34 917 47 134
Christian Vik ungdom	✉ christian.vik@redcross.no	57 72 31 35 906 19 405
Bente Halvorsen omsorg	✉ bente.halvorsen@redcross.no	57 72 31 36 481 42 540
Henning Hellebust Hjelpkorps/ beredskap	✉ henning.hellebust@redcross.no	57 72 31 37 900 58 669
Margunn Masdal informasjon	✉ margunn.masdal@redcross.no	57 72 31 38 952 07 409

www.rodekors.no/sfj